Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F745	Knut Øyjordet	22.09.17	27/17

SØKNAD OM PÅBYGG PÅ KVILEBU – IVAR BOLSTAD

Saksdokument:
1. E-post frå Statskog av 19.06.17 med vedlegg.
2. Sak 7/17 i fjellstyret.

Saksutgreiing:
I søknad frå Ivar Bolstad om å omdisponere kvilebua knytt til dyrkingsparsellen ved Melingen til fritidshytte vedtok fjellstyret m.a. følgjande i sak 7/17:
Etter reglane i fjellova og seterforskrifta kan ikkje kvilebua bli omdisponert til fritidsfeste. Sidan behovet for kvilebu generelt er liten i drift av dyrkingsparsellar i dag, og at denne aktuelle bua ligg såpass unna parsellen som skal lysast ut, tilrår fjellstyret overfor Statskog at det kan blir oppretta ei såkalla festekontrakt for "hytte knytt til gardsbruk", dvs. at eigaren av bruket får løyve til å ha ståande bua som eit landbruksbygg knytt til gardsbruket, på eit eige feste og mot ei avgift. Fjellstyret meiner det må setjast vilkår om at det ikkje kan tillatast utviding av bygningsmassen i slik omfang som reglane for vanleg hyttefeste i kommuneplanen opnar for.

Etter behandlinga i fjellstyret tilbydde Statskog at den tidlegare kvilebua med uthus kunne bli ståande og at det vart oppretta ei festekontrakt med avgift der bua blir knytt til eigar av gardsbruket Bolstadlykkja, dvs. ikkje vanleg fritidsfeste. I festekontrakten står det at utviding av bygningsmassen ikkje er lov utan godkjenning frå Statskog og fjellstyret.

Bolstad har nå søkt om utviding av bua, som i dag er på ca. 60 m2 og med eit uthus på ca. 5 m2. Det blir søkt om rive ca. 10 m2 av svalgangen og erstatte dette med eit tilbygg på ca. 25 m2. Tiltaket omfattar også ein veranda på 6,5 m2 med takoverbygg. Teikningar av bua med planlagt tilbygg vil bli lagt fram direkte i møtet.

Vurdering:
Sjølve utvidinga er ikkje av eit stort omfang. Men dette er eit spesielt feste, der eigaren fekk behalde ei kvilebu i samband med frifall av dyrkingsparsell, og at bua vart knytt til gardsbruket med eigen festekontrakt. Eksisterande kvilebu er også ein del større enn det som er vanleg og opna for ang. kvilebuer knytt til dyrkingsparsellar i statsallmenningen, dvs. inntil ca. 40 m2. Sidan saka er noko spesiell, og dessutan prinsipiell, blir det ikkje lagt fram noko innstilling til vedtak.

Vedtak:
Samrøystes: Ang. søknad frå Ivar Bolstad om utviding av kvilebu, meiner fjellstyret at søknaden ikkje må bli imøtekomen. Sjølv om bua nå er knytt til gardsbruket med eigen festekontrakt, så meiner fjellstyret at saka er prinsipiell, og kan gje føringar for liknande saker

framover. Dessutan er eksisterande kvilebu ein del større enn det som er vanleg for kvilebuer knytt til dyrkingsparsellar i statsallmenningen, dvs. inntil ca. 40 m2.

Rett utskrift. Går til:
Statskog

Vågåmo, 22.09.17

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no